Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fjotland

Emne: Bordskikk til kvardags

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Jerstad

Gard:

(adresse): Dampl. 15, Ullevålhageby

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Kjøkenet var lite, so dei kunde ikkje eta der.
No hender det stundom at familien et der.
1. Ein sat med langbordet i stova. Var ein
få, hende det ein bruka slagbordet.
2. Alle sat og sit saman.
3 Husbondsfolk og tenarar sat og sit saman
4. Same mat for alle.
5. Spå oof.
6 — " —
7. Ein sette seg som det høvde. Alle kom ikkje
på ein gong.
8. Borni sat.
9. Me talar um høgsæte enno, men umgrepet
er noko ugreidt no. I gamal tid med lang-
bord som stod langs brostveggen, var nok
høgsætet bordsenden mot framsida av
huset.
10. Ukjent
11. Var ikkje so fårleg med vask fyrr. Luvone
tok dei av. Men det er fortalt um ein mann
at han sat med hatten på når han åt og berre
tok han av den stundi han las for maten. Eg
tenkte meg at dette kanskji kvo vore skikk
i sers gamal tid

4827

12. Grautfatet var samo men mjølkekoppane sers i min barndom. Tok graut i skeid og duppa i mjølkekoppen. Kanskje samo mjølkekopp frå gamalt. No dikk ein av glaset eller slær mjølk over grauten i tallerken. Når dei fekk serkoppar og orsaki til det ukjend.

13 Aldri gryta på bordet, men steikepanna sette dei der på ein fot av ståltråd, hed og sel pannering ihopsett av mange små trestykke

14. „Biden" var vanleg tvo flatbrødstykke med smør og mysmør millom. Stundom smør, aure og jordeple millom. Blei brukt til morgonmaten, kveldsbiten og stundom til middags.

15.

16. Blei sett på som god folkeskikk fyr.

17. Ukjend når gaflane kom. Etter 1870 verdelegvis.

18. Ukjend

19. Skeiden av tre. Etter måltidet stakk dei skeidene inn millom bjelke og loftsbord segjest det

20. Den fyrste tallerken blei kjøpt av lensmann Markus Homme som døydde i 1858. Han er til enno, dei kallar han „Prestetallerkjen", då det berre var presten som fekk eta av den. Dei hadde trefjøler fyr som dei kalla „bordska". So hadde dei mjølkekoppar av tre som dei kalla „kokse"

21. Ikkje duk til kvardags. Duk til kvardags frå ikring 1910. Tek duken vekk millom måli. Vokseduk får liggja

22. Bordi no er måla.

4827

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

23. Kvar tok det han vilde ha.
24. Nei
25. Jf. 23
26. 3-4 år. Mori hjelper
27. Ja.
28. Er ymist med det. Song berre i veislor som brudlaup og gravöl. Når ein les, er det helst minstebarnet som gjer det. Når det berre er vaksne les dei stillt.
29. Ja, kanskje annleis fyrr. Er eit ordlak: „Tigg det bitet du tygge"
30. Helst ingen lått ved bordet
31. Var ingen som fann på det.
32. Nei
33. No takkar dei, lite av det fyrr
34. „Velbekommen".
35. Ja
36. ~~Ja, dersom~~ det ikkje var tell fyre eit ordinært måltid.
37. Tilfelldig gjest som fekk sers mat skulde ha noko betre enn kvardagsmaten
38. Kaffe var og er det jamne. Men kjeden stod og stend ikkje på stóst.
39. Husbonden et ofte i lag med den framande
40. Var god skikk fyrr, men ikkje heilt so god skikk no.
41 Ein av husfolki skal röda med gjesten medan han et.

4827

NORSK ETHNOLOGICK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING